



Klima- og miljødepartementet
Kld Dep - Torvik Marita

Dato: 23.11.2017
Vår ref.: 2017/15921-4
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Høring av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene

Vi viser til høyring om SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, med høyringsnotat og –brev av 03. oktober 2017.

Bakgrunn

For å styrke kommunenes arbeid med klimatilpassing og for å følge opp føringer frå Meld. St. 33 (2012–2013) om klimatilpassing, har regjeringa beslutta at det skal utarbeidas ein statleg planretningslinje (SPR) for klimatilpassing. I samråd mellom Klima- og miljødepartementet (KLD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vart det bestemt at retningslinene for klimatilpassing skulle innarbeidas i dei eksisterande retningslinene for klima- og energiplanlegging.

Det kjem fram i høyringsbrevet at departementet hovudsakleg ønskjer ei avgrensing i innspela til den nye delen om klimatilpassing. Det er vår mening at det generelt er behov for ei revidering av retningslinene også for klima- og energiplanlegging. Det vil vi likevel ikkje gå særskilt inn på her, då det ikkje er tema for denne høyringa. Generelt bør desse retningslinene få større fokus på tiltak og gjennomføringskraft, og mindre på kunnskapsinnhenting.

Bakrunnen for utforminga av dei statlege planretningslinene er basert på at arbeidet med utslippsreduksjonar og arbeidet med klimatilpassing heng naturleg saman og bør ses i samanheng. Eit samkjøyd sett med statlege planretningsliner som handterer arbeid både med utsleppsreduksjon og tilpassing er noko vi stiller oss positive til. Der det er relevant, meiner vi det er viktig at ein legg til rette for løysingar som både søker å redusere risiko og sårbarheit av forventa klimaendringar, og som søker å redusere utslepp av skadelege klimagassar.

Formål

Formålet med nye statlege planretningslinjer for klimatilpassing er å sikre at kommunane, fylkeskommunane og staten gjennom si planlegging bidreg til at samfunnet vert forberedt på, og tilpassa eit klima i endring, og planlegg for løysingar som både reduserer utsleppa og reduserer risiko og sårbarhet for klimaendringar.

Under 1. *Formål* vert det også trekt fram at planarbeid skal baserast på tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, og danne beslutningsgrunnlag når det vert konflikt med andre interesser. Vi stiller oss positive til auka merksemd på klimakunnskap i planprosessar, og understreker samstundes behovet for å ha tilgang til siste og mest oppdaterte tilgjengelege kunnskapen på feltet. Dette vert ytterlegare kommentert under tema 4.1 *krav til planprosess og beslutningsgrunnlag*.

Virkeområde

Under 2. *Virkeområde* vert Fylkeskommunen oppmoda til å leggje retningslinene til grunn i sin oppfølging og rådgjeving til kommunane, og å ta initiativ til samarbeid og læring om både utsleppsreduksjon og klimatilpassing i diverse nettverk og andre samlingspunkt. Dette stiller vi oss positive til. Både utsleppsreduksjon og klimatilpassing er tema som vert prioritert i vår organisasjon, og har vore tema på ein rekke samlingar og nettverk, som til dømes plannettverk, plankonferanse, temasamlingar og diverse samarbeid med andre kunnskapsleverandørar, som t.d. Uni Research Klima. Dette er også eit tema som fordrar tett samarbeid og dialog mellom klimaseksjonen og planseksjonen i vår organisasjon. I all handtering av kommunale planar, samt i malar for politiske saksutgreiingar, er klima eit tema som skal vurderast. Fylkeskommunen har i tillegg utarbeida ein Regional Klimaplan, med eigne strategiar og retningsliner for klimatilpassing (vedlegg).

Klimatilpassing i planlegging er eit tverrsektorielt tema, og må difor handteras heilskapleg i alle større organisasjonar med ansvar for planlegging.

Klimatilpassing

Fylkeskommunen stiller seg positiv til at det kjem statlege planretningslinjer for klimatilpassing, både for å auke fokus på temaet og for å ansvarleggjere planaktørane til å vurdere tematikken i diverse planprosessar. Det vert tydeleggjort at fylkeskommunen skal fokusere på klimatilpassing både ved utarbeiding av regional planstrategi og i regionale planar. Vi er samd i at auka fokus på klimatilpassing er naudsynt, og at klimatilpassing bør vere eit gjennomgåande tema som vert vurdert innanfor ein rekke planfaglege temaområde, som ein også gjer ved til dømes folkehelse og universell utforming. Vi ønskjer likevel innleiingsvis å poengtare at det ville vore ønskeleg om teksten til klimatilpassingsdelen av SPR vart formulert som retningsliner; kortast ned og gjerast endå tydelegare og retningsgjevande, på same måte som under 3.1.

Kunnskapsgrunnlag

Første avsnitt under pkt. 4.1 gir ei god skildring og konkretisering av kunnskapsgrunnlaget for planlegging for klimatilpassing. Det ville vore fornuftig å tilpasse pkt 3.1.a og 3.1.c til eit tilsvarende avsnitt. Det er i dag ikkje tilgjengeleg gode data for klimagassutslepp på kommunenivå. Dei som eksisterer er sjablongmessig utforma og vil av den grunn i liten grad fange opp lokale endringar som følgje av klimatiltak. Det er også avgrensa i kva grad kommunen kan påverke utsleppa innanfor sitt geografiske område. Kommunen bør difor kunne få utforme kunnskapsgrunnlag for utslepp tilpassa sitt område og sine tiltak, slik at dei kan velje gode indikatorar å styre etter i staden for utelukkande å styre etter klimagassutslepp. Framskrivningar av generelle utslepp for kommunen er tilsvarende krevjande å få til og lite nyttig som kunnskapsgrunnlag for å prioritere og måle effekten av tiltak.

Det vert i dette avsnittet formulert eit skal-krav om å leggje til grunn høge alternativ frå nasjonale framskrivningar, jf. fylkesvise klimaprofiler. Dette er og i tråd med føre-var-prinsippet som ein skal leggje til grunn for planlegginga. Vi ser det som positivt at ein er tydelege på at ein skal nytte høge framskrivningar, og at det vert vist til eit felles kjeldegrunnlag. Samstundes er det viktig å ha med seg at dei fylkesvise klimaprofilane er på eit overordna nivå som i mange høve vil vere utfordrande, og kanskje misvisande, å nytte i lokale plansakar. Topografi og lokale variasjonar i klima gjer at ein kan ha svært store lokale forskjellar internt i same kommune. Det vert difor og lagt til grunn at ein kan «selv vurdere behovet for å supplere nasjonal og regional informasjon med kunnskap om lokale og regionale forhold». Dette er ein vurdering som det er viktig å ha med, men relasjonen mellom overordna og lokal klimakunnskap bør tydeleggerast i retningslinene.

Ansvarshøve

Klimatilpassing er eit omfattande fagområde med mange relevante aktørar. Retningslinene bør i større grad ha som målsetting å sette tydelegare ansvar på aktørar og kva som er venta av dei, både som kunnskapsleverandørar og innanfor forvaltinga. Det kjem til dømes ikkje klart fram av høyringsforslaget kven som er ansvarleg for fylkesROS (jf. *tredje avsnitt i 4.1*). Det er i dag fylkesmannen som har ansvar for samfunnssikkerheit og beredskap, og gjennomfører FylkesROS. Planretningslinene kan soleis vere enno tydelegare på ansvarsfordeling mellom dei regionale aktørane, og ein børe vere tydelegare på om dette er ein uttømmande liste av tema.

Kommunal planlegging

Vi meiner det er uklare signal med tanke på krav til kommunal planlegging. Det står i femte avsnitt 4.1. at kommunen i samfunnssdelen til kommuneplan skal vurdere om klimaendringar vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar, medan det i sjette avsnitt står at i samfunnssdelen bør kommunen vurdere korleis klimaendringar kan påverke samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, naturmiljø, innbyggjarane si helse og utpeikte næringar. Desse tema er i stor grad overlappande med tema kommunen i sin samfunnssdel vil ha mål og strategiar om. Dette kan føre til uklare krav til den overordna kommunale planlegginga. Vi ber om at dette vert tydeleggjort og eventuelt samla til éi retningsline for kommunal planlegging, der kommunen skal vurdere konsekvensen av klimaendringar på mellom anna samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, naturmiljø, innbyggjarane si helse og utpeikte næringar. Vi meiner at ein her med fordel òg kan vere tydeleg på skilje mellom fokus på klimatilpassing i arbeidet med samfunnssdelen og korleis dette skal henge saman med kommuneplanens arealdel.

Kommunal planlegging - arealbruk

I avsnitt sju i 4.1 er retningslinene tydelege på at ein skal nytte KPA aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som tek i vare omsyn til eit klima i endring. Dette meiner vi er eit viktig premiss for communal arealplanlegging, og heng samstundes tett saman med tilgang på god kunnskap om klimaendringar. Dette understreker igjen viktigheten av gode rammar og tydelege retningsliner for bruk av klimakunnskap. SPR for klimatilpassing bør så følgje opp med konkrete krav, og eksemplar på korleis dette skal gjeras.

Avsnitt åtte inneholder konkretiseringar på korleis kommunen kan følgje opp sitt ansvar for klimatilpassing i communal planlegging og arealdisponering. Her vert ROS-analysar trekt fram som eit viktig reiskap for å identifisere område som kan få auka risiko og sårbarheit gjennom klimatiske endringar. Ein *skal* i slike prosessar vurdere korleis omsynet til endra klima vert ivaretatt. Det er positivt at ein er eksplisitt på at dette er eit tema som alltid skal vurderast ved nye tiltak. Det vert så trekt frem nokre konkrete eksemplar på tiltak som i hovudsak gjeld overvasshandtering. Dette er eit viktig tema, og vi stiller oss positive til at retningslinene eksemplifiserer gode tiltak, samt at ein stiller krav til kvifor ein eventuelt ikkje nytter seg av desse forslaga. Det vert likevel for snevert å berre ha eksemplar innafor denne delen av klimatilpassing. Tilsvarande konkrete føringar innafor andre viktige tilpassingsområde, som til dømes havnivåstigning, flaum og skred, må til for å styrka dei statlege planretningslinene.

Avsnitt åtte i 4.1 er retta mot areal som «vurderast tatt i bruk». Det kunne og vore tenleg med retningsliner for handtering av areal som allereie er tatt i bruk, men som ein med ny kunnskap og erfaring ser på som sårbare og med betydeleg risiko for uønska konsekvensar av klimarelaterte hendingar.

Samspel mellom utsleppsreduksjon og klimatilpassing

Ein kunne og med fordel hatt ein vurdering/eksemplifisering av tiltak som fremjar samspelet mellom klimatilpassing og utsleppsreduksjon. I formålsdelen av SPR vert det understreka at bakgrunnen for utforminga av dei statlege planretningslinene er basert på at arbeidet med utsleppsreduksjonar og arbeidet med klimatilpassing heng naturleg saman og bør ses i samanheng. Dette er ein synergji vi er samd i, og meiner følgjeleg at dette må kome sterkare til uttrykk i dei konkrete retningslinene.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at det no vert utarbeida statlege planretningslinjer for klimatilpassing. Vi meiner likevel at ein må nytte høvet til å vere meir tydeleg og konkret på korleis klimatilpassing skal handterast i communal og regional planlegging. Dei statlege planretningslinene er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid, men bør slik dei ligg føre sjåast på som 1. generasjons retningsliner for klimatilpassing. Teksten i 4.1 bør i større grad spissast og formulerast som retningsliner. Dette vil også i større grad samkøyre klimatilpassingsdelen med retningsliner for klima- og energiplanlegging. Ein bør i det vidare arbeidet søkje å ytterlegare fordele ansvar, konkretisere og kategorisere retningslinene mot ein form som lettare gjev beslutningsgrunnlag for kommunane og oppfølging frå offentlege tilsynsorgan.

Eva Katrine R. Taule
Fagleiar kommunale plansakar

Snorre Waage
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamarar:

Snorre Waage, Planseksjonen, Avdeling for regional utvikling

Tale Halsør, Klima- og naturressursseksjonen, Avdeling for regional utvikling

Kopi til:
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Vedlegg

1 Strategiar for klimatilpassing_Regional Klimaplan Hordaland

7.4 Strategiar for tilpassing til klimaendringar

Strategi A: Heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging

Strategi B: Kunnskapsutvikling

Strategi C: Betre handtering av overvatn

Strategi D: Samarbeid om tilpassing til endra klima

Strategi A: Heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging

1. Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar.

Strategi B: Kunnskapsutvikling

2. Utvikle Klimaservice i Hordaland til eit brukarstyrt FoU-prosjekt som kan auke kunnskapen i alle delar av fylket

3. Bruke ny kunnskap som grunnlag for betre planar, prosjekt og utbygging i fylket.

4. Bruke ny kunnskap som grunnlag for tiltak mot flaum og skred og for betre arrondering av infrastruktur som vegar, bane, straum- og telenett.

Strategi C: Betre handtering av overvatn

5. Nye utbyggingsområde skal i størst mogleg grad ha ei naturleg handtering av overvatn. Eksisterande naturareal skal nyttast til infiltrering.

6. Handtering av overvatn bør skje lokalt og desentralisert.

7. Metodar for å handtere overvatn i landbruket skal utviklast.

Strategi D: Samarbeid om tilpassing til endra klima

8. Samarbeide om å utvikle felles planar og beste praksis for tilpassing til endra klima.

Retningsliner for tilpassing til klimaendringar

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnssdel og arealdel. Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og sette i verk tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidas klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemndsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormilo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Retningslinene skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale planføresegner i kapittel 1).